

Pepparkakehuset som gjekk til topps

22.12.2010



**Lene Hjelmeland gjekk til topps i pepparkakehustevlinga som Uskedalsposten har avvikla.**

**Deltakarane vart inviterte til å senda inn bilete av pepparkakehusa sine.**

Juryen fann vinnarhuset (biletet) både fantasifullt og arkitektonisk stilreint.

Juryen hadde også sans for detaljene på og rundt huset,,  
til dømes nissen som sit på utedo i hagen.

Det var eit krav at alt på huset skulle vera etande men  
deltakarane stod fritt med omsyn til arkitektur.

Vinnaren får Uskedalspostens drikkeflaske.

Andreprienen gjekk til Veronica Nielsen  
og tredjeprienen til Malena og Andrea Hjelmeland.  
Desse får Uskedalsposten sin kopp.

Juryen takkar for dei innsendte bidraga.